

Drifts- og ressursgjennomgang

Vanylven kommune

TF-notat nr. 18/2017

Kjetil Lie, Sondre Groven, Helge Støren, Anny Grøgaard og Ole Sverre Lund



Kolofonside

Tittel:	Drifts- og ressursgjennomgang
Undertittel:	Vanylven kommune
TF-notat nr:	18/2017
Forfatter(e):	Kjetil Lie, Sondre Groven, Helge Støren, Anny Skaug Grøgaard og Ole Sverre Lund
Dato:	02.05.2017
ISBN:	978-82-336-0046-4
ISSN:	1891-053X
Pris:	(Kan lastes ned gratis frå www.telemarksforskning.no)
Framsidedfoto:	iStock
Prosjekt:	Vanylven kommune – drifts- og organisasjonsgjennomgang
Prosjektnummer.:	20170140
Prosjektleder:	Kjetil Lie
Oppdragsgiver(e):	Vanylven kommune

Spørsmål om dette notatet kan rettes til: Telemarksforskning, Postboks 4, 3833 Bø i Telemark – tlf 35 06 15 00 – www.telemarksforskning.no

Føreord

Telemarksforsking har på oppdrag frå Vanylven kommune stått for ei drifts- og ressursbrukskartlegging der også administrativ organisering har blitt vurdert. Bakgrunnen for oppdraget var eit ønskje frå kommunen om å gjennomføre eit omstillingsprogram og ein OU-prosess 1. halvår 2017 som skal gje grunnlag for betre økonomisk driftstilpassing og meir føremålsteneleg organisering framover. Prosjektet har vore breitt og godt forankra i kommuneorganisasjonen i Vanylven.

Audun Thorstensen hos oss står i hovudsak bak alle analyser og utrekningar som er samla i vedlegget.

Arbeidet vårt starta i siste halvdel av januar.

Bø i Telemark, 02.05.2017

Kjetil Lie

Oppdragsansvarleg prosjektleiar

Innhold

Oppsummering av innsparingstiltak	side 5
Oppsummering organisasjonsstruktur	side 14
Gjennomgang av tenesteområde	side 18
Vedlegg	side 126

Oppsummering av innsparingstiltak

Om berekningar i tiltakslista

- Berekingar av innsparingspotensial baserer seg på tal og informasjon vi har fått oppgitt frå kommunen. Der vi sjølve har utført dei økonomiske analysene og berekingane, baserer derfor utrekningane seg på faktiske regnskapstal frå kommunen.
- Der det ikkje er oppgjeve/stipulert eit innsparingsbeløp, skuldast dette eitt eller fleire av følgande forhold:
 - Stor usikkerheit til tala knytt til tiltaket
 - Mange moglege variantar av gjennomføringa av tiltaket som enten krev detaljberekningar, eller der nivået ein legg seg på, er avgjerande for innsparingseffekten
 - Uklare føresetnader
 - Tiltaket er så stort at det krev eiga utgreiing for å fastslå moglegheitene for innsparing

Tiltaksliste – Stab og støtte

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Servicekontor	Legge sentralbordfunksjonen til eit interkommunalt samarbeid	200 000
Økonomiavdelinga	Kommunen kan klare seg utan internrevisorstillinga	150 000*
Budsjettet på lønn og personal	Det er 0,2 til 0,3 årsverk som er lagt inn i budsjettet i dag. Desse er ikkje teke i bruk i den daglege drifta.	150 000
	Samla innsparing i administrasjonen	500 000

*): Kommunen vil truleg kunna spara 300 000 kr på å ta bort internrevisorstillinga. Då må likevel kommunen sannsynlegvis inngå i eit interkommunalt samarbeid med kostnad på rundt 150 000 kr. Dermed er innsparinga sett til 150 000 kr.

Tiltaksliste – Teknisk

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Mindre bygningsmasse	Kommunen er i dialog om avhending av Eidsåttun, Rovdetun og gamle Åram skule. Kommunen har truleg høve til å minke bygningsmassen endå meir, med ytterlegare innsparingar.	300 000
Vaktmestertenesta	Ved mindre bygningsmasse vil det òg vera mindre å vedlikehalde og drifte. Det vil dermed vera mogleg med eit nedtrekk i uteseksjonen til teknisk.	500 000
Brannstasjon	Kommunen har i dag to brannstasjonar med ca. ein mils avstand. Dette er ein relativt kort avstand mellom stasjonane, og dessutan vert dekninga vurdert som god nok med ein stasjon.	225 000
Brannsjef	Kommunen har ein brannsjef i 50 % stilling. Denne vert foreslege løyst interkommunalt med ein av nabokommunane. Ved å kutta denne stillinga vil kommunen enno vera avhengig av å kjøpa tenesta.	150 000
Omklassifisering av vegar	Kommunen eig mange kilometer med vegbane. Fleire av desse leiar berre til enkelte privatbustader etc. Dette er ein kostnad med tanke på vedlikehald	100 000
	Samla innsparing på teknisk	1 275 000
Landbrukskontor	Kommunen yter gode landbrukstenester og har her eit potensial for sal av tenester.	100 000

Tiltaksliste – helse og omsorg

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
30 % av jordmor	Med kommunen si gode legedekning, vert det tilrådd å avvikle ressursen som jordmor nyttar til oppgåver som ligg under fastlegane sitt ansvar	120 000
50 % folkehelsekoordinator	Kommunen har svært høg ressurs knytt til folkehelsekoordinator. Det vert rådd til å sjå på moglegheita for å omdisponere denne til meir presserande oppgåver, eksempelvis merkantil ressurs	175 000 Evt. nyttast til andre oppgåver
30 % kommuneoverlege	Kommuneoverlegestillinga vert redusert til 30 %, dvs. ei halvering samanlikna med stillingsbrøken i dag. Berekna ut frå vanleg årsløn til kommuneoverlege på min. 1 000 000, tilseier innsparinga om lag 360 000	360 000
Reduksjon i fosterheim/fosterheimsbetaling	Tala er høgst usikre, og endringa gjev ikkje umiddelbar effekt grunna vedtak. Men om tenesta over tid vert tilpassa nasjonalt kostnadsnivå, kan omlegging på sikt gje innsparing på vel 800 000.	800 000
Reduksjon i antal leiarar	Med utgangspunkt i foreslått organisering og eit gjennomsnittleg leiartillegg på 20 000, vil ein reduksjon i talet på leiarar gi ei innsparing på om lag 100 000. Leiarar vil derimot behalde tillegget som fylgje av omstilling, slik at innsparinga ikkje kjem umiddelbart.	100 000
Samla innsparing innan helse og omsorg		1 595 000

Tiltaksliste - Grunnskule

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Slå saman klasser ved Åheim skule	To og to årstrinn kan danne ei klasse. Det vert gjeve timar til deling i norsk, matematikk og engelsk. Innsparing på 0,4-0,5 årsverk.	300 000
Redusert administrasjonsressurs	Redusere administrasjonsressursen ved Fiskå skule og Åheim skule til om lag 100 %.	800 000
Samle 5.-10. trinn på Myklebust skule	Redusere talet på lærarårsverk med om lag fem. (kr 3 500 000) Redusere bruksarealet på skulane med om lag 1 200 m ² (kr 600 000) Auke i skysskostnadene. (kr 500 000)	3 600 000
	Samla innsparing i grunnskulen	4 700 000

Tiltak – Vaksenopplæring og kultur

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Samarbeide med ein nabokommune om introduksjonsprogrammet	Vanylven kommune kan ha felles vaksenopplæring med ein av nabokommunane. Reiseavstanden er om lag ein time. Dette kan gi grupper på 15-20 elevar, og statstilskotet vil dekke utgiftene til undervisning.	420 000
Samarbeide med ein nabokommune om kurs for arbeidsinnvandrarar	Auke gjennomsnittleg gruppestorleik til 15. Dette kan ein truleg berre få til ved å slå vaksenopplæringa i Vanylven saman med vaksenopplæringa i ein nabokommune. Alternativt kan deltakarane betale fullt ut det undervisninga kostar.	240 000
	Samla innsparing i vaksenopplæringa	660 000

Tiltak	Kommentar	Årleg innsparing
Redusert drift i kulturskulen	Auka foreldrebetaling og redusert tilbod med om lag 10 %.	20 000
Større eigendel for kor og korps	Viss kor og korps betaler om lag 50 % av utgiftene til dirigent, vil kulturskulen spare ca. kr 100 000.	100 000
	Samla innsparing i kultur	120 000

Tiltaksliste - Anna

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Eigedomsskatt	Innteninga på innføring av eigedomsskatt vil variera etter kva for promille kommunen eventuelt vel å leggja seg på, og dessutan om eigedomsskatten skal gjelda for alle, eller eksempelvis berre verk og nytte.	Med 2 i promille: 3-4 mill. Med 7 i promille 10-12 mill.
Sjukefråvær	Ved å aktivt jobba for å redusere sjukefråværet i kommunen, kan ein potensielt effektivisere drifta. I økonomiplanen kjem det fram at kommunen vil redusere fråværet frå 8,7 til 6,7 prosent. Telemarksforsking støttar dette tiltaket. Innsparinga vil vera avhengig av nedgangen i sjukefråværet.	Ikkje berekna

Samla innsparing

Totale resultat	
Samla innsparingstiltak	8 850 000 kr
Sal av tenester	100 000 kr
Anna	Eigedomsskatt Med 2 o/oo som skattesats: 3-4 mill. kr Med 7 o/oo som skattesats: 10-12 mill. kr


Oppsummering organisasjonsstruktur

Organiseringa i dag

Organisasjonskart

Årsverk 2015

Årsverk 2016



Henta frå Økonomiplan. Vanylven kommune 2017 – 2020.

Fordelar og ulemper ved organiseringa i dag

Fordelar/positive sider

- Tydelege ansvarslinjer og ansvarsdeling
- Ei leiargruppe som er tydeleg definert og ikkje for stor i omfang
- God organisering med tanke på mengd tilsette og breidda i tenester

Ulemper/negative sider

- Mange einingar innan helse og omsorg
- P.t. ingen link mellom ute- og inneseksjonen på teknisk.

Foreslegne endringar samanlikna med strukturen i dag

- Ingen endringar i struktur under rådmannen og stabsfunksjonane
- Teknisk bør få ein «Formann» på uteseksjonen.
- Ingen endringar i struktur for teknisk sektor
- I forslaget vårt til ny organisering innanfor helse og omsorg er talet på avdelingsleiarar redusert frå 13 til 7. I ein liten kommune som Vanylven der leiar i stor grad deltek i direkte tenesteproduksjon, vil denne organiseringa likevel gje små økonomiske gevinstar, då leiarar som oftast har rett til å halda på løna som følgje av omorganisering.

Gjennomgang av tenesteområde

Stab og støtte

Stab og støtte – oppgåver

- Stab og støtte ivaretek følgjande hovudoppgåver:
 - Rådmannsfunksjonen
 - Økonomikontoret
 - IKT-avdelinga
 - Lønn- og personalavdelinga
 - Servicetorget
- Vanylven har interkommunalt samarbeid om:
 - IKT

Stab og støtte – årsverk

- Det er budsjettert med 16,15 årsverk i 2017 ifølgje økonomiplanen til Vanylven.
 - Rådmann og rådgjevar utgjer 2 årsverk
 - Økonomikontoret har 3,30 årsverk (inkludert internrevisor)
 - Lønn- og personalkontoret har 1,9 årsverk som er aktive, medan det er budsjettert med 0,2-0,3 årsverk utover dette nivået
 - På IKT var det 2,0 årsverk i 2016
 - Servicetorget har 3,5 årsverk

Rådmann og støtteiningar – innsparingar

Moglege innsparingar kan knytte seg til:

1. Servicekontor

- Mogleg innsparing på omlag 200 000,- ved å gjere sentralbordfunksjonen interkommunal

2. Økonomiavdelinga

- Her er det mogleg å fjerne 0,5 årsverk frå ei internrevisorstilling.
- Mogleg innsparing på 300 000,-
- Om kommunen tar bort internrevisorstillinga må likevel kommunen truleg inngå i eit interkommunalt samarbeid. Dermed er innsparinga sett til 150 000,-

3. Redusere budsjettet på lønn og personal med 0,2-0,3 årsverk

- Dette er årsverk som ikkje er i bruk i dag og er overflødig
- Mogleg innsparing på 150 000,-

4. Både økonomi, lønn og personal kan organiserast interkommunalt i ei løysing med andre kommunar. Telemarkforskning trur her at det vil vera mogleg å spara omlag 1,5 årsverk ved ei slik løysing.

- Mogleg innsparing på 900 000,-

Tiltaksliste – Stab og støtte

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Servicekontor	Legge sentralbordfunksjonen til eit interkommunalt samarbeid	200 000
Økonomiavdelinga	Kommunen kan klare seg utan internrevisorstillinga	150 000
Budsjettet på lønn og personal	Det er 0,2 til 0,3 årsverk som er lagt inn i budsjettet i dag. Desse er ikkje teke i bruk i den daglege drifta.	150 000
	Samla innsparing i administrasjonen	500 000

Teknisk sektor

Teknikk og miljø – oppgåver

- Teknikk og miljø i Vanylven skal ivareta følgjande hovudoppgåver:
 - Veg
 - Vatn
 - Avløp
 - Renovasjon
 - Eigedom og areal
 - Landbruk
 - Beredskap
- Vanylven har interkommunalt samarbeid om:
 - Feiartenester

Teknikk og miljø – årsverk

- Det er til saman 14,5 stillingar innan tekniske tenester i Vanylven
 - Sju av desse er på inneseksjonen
 - Dei andre stillingsressursane på uteseksjonen, der 2,5 stillingar er gjennom NAV
- Teknisk sektor har p.t. ein heilt flat struktur under kommunalsjefen. Det vert jobba med ein formann på uteseksjonen som eit bindeledd mellom nemnde seksjon og kommunalsjefen
 - Dette er eit tiltak Telemarksforsking stiller seg bak


Fokusområde

- Vi har sett på dare har vi sett på
 - Gebyrnivå, VAR
 - Samferdsel og kommunal veg, ressursbruk
 - Egedomsmasse og lokale
 - Energikostnader i kommunal egedomsforvalting
 - Kommunale bustadar
 - Brannvern
 - Grøntareal m.m.
 - Plan og byggesak
 - Kart og oppmåling

VAR


- Vatn, avløp og renovasjon er tenester som kommunen har inntekter på i form av gebyr. Norske kommunar har høve til å leggje seg på eit gebyrnivå tilsvarande sjølvkost, det vil seie at inntektene skal kunne dekke kostnadane.
- Figurane under viser sjølvkostgrad på vatn og avløp i Vanylven, samanliknbare kommunar og landsnittet.
- Gebyrnivået vil variere frå kommune til kommune sidan det er ulikt kor dyrt det er å byggja ut. Dersom ein kommune har lite spreidd busetjing, er gebyrnivåa ofte lågare enn om kommunen er stor geografisk og har spreidd busetjing.
- Vi ser at sjølvkostgraden både på vatn og avløp er 99 %, enn Sande og Tingvoll, slik at det er eit inntekspotensial og dermed ein effekt også på botnlinja (nettoen mellom inntekter og utgifter) tilsvarande 1 %-poeng

Sjølvkost avløp



Kilde: KOSTRA 2015. * Nesset 2014.

Sjølvkost vatn




Kilde: KOSTRA 2015.


Samferdsel

- Figuren til venstre nedanfor viser netto driftsutgifter i kr per innbyggjar på samferdsel i Vanylven, samanliknbare kommunar og landsnittet. Som vi ser, brukar Vanylven meir enn alle samanlikningskategoriar, med unntak av Sande. Kommunen ligg relativt lik Tingvoll.
- I figuren til høgre har vi sett nærare på netto driftsutgifter til gate og veg per km. Nivået i Vanylven har synke noko frå 2013 til 2015. Ved samanlikning har Vanylven lågare snitt enn både Sande, KOSTRA-gruppe 2 og landsgjennomsnittet, men noko over dei øvrige samanlikningskommunane.
- Ser vi på samla lengde av kommunale vegar, har Vanylven 64 km, Sande 38 km, Nesset 55 km og Tingvoll 65 km . Tingvoll har altså same lengde på dei kommunale vegane som Vanylven, men driftar desse vesentleg billigare enn Vanylven. Ut i frå denne samanlikninga er det her eit sparingspotensial i Vanylven.

Netto driftsutgifter samferdsel per innbyggjar




Netto driftsutgifter i kroner per km kommunal veg og gate



Driftsutgifter eigedomsmassen


- Figuren under viser netto driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning per innbyggjar for Vanylven, samanlikningskommunar og landet.
- Som figuren viser, har Vanylven eit relativt likt nivå som Sande for kostnadane til kommunal eigedomsforvaltning per innbyggjar. Samanliknar vi med dei andre kommunane, har Vanylven eit lågare kostnadsnivå. Kommunen har dermed ikkje spesielt store kostnadar til bygningsmassen. Vi har sett endå nærare på dette over dei neste sidene.



Driftsutgifter ulike føremålsbygg

- Figuren under viser netto driftsutgifter til ulike føremålsbygg i 2015.
- Vanylven kommune har lågare kostnader til administrasjonsbygg enn alle av samanlikningskommunane, KOSTRA-gruppe 2 og landsgjennomsnittet.
- På førskulelokale er det berre Sande som har lågare kostnader enn Vanylven.
- Ser vi på skulelokale, er det ingen som har lågare kostnader enn Vanylven.
- Ser vi på institusjonslokale, har både Sande, KOSTRA-gruppe 2 og landsgjennomsnittet lågare kostnader enn Vanylven kommune, medan Tingvoll er på eit tilsvarende nivå.
- Når det gjeld kommunale idrettsbygg, er Vanylven over alle samanlikningskommunane, men under KOSTRA-gruppe 2 og landsgjennomsnittet.
- Vanylven har ingen kostnader retta mot kommunale kulturbygg.


Netto driftsutgifter til ulike formålsbygg



Vedlikehaldsaktivitetar og driftsaktivitetar på eigedomsmassen


- Figuren under viser utgifter til vedlikehaldsaktivitetar og driftsaktivitetar i Vanylven, samanlikningskommunane og landssnittet.
- Vanylven har kostnadar knytt til vedlikehaldsaktivitetar i kommunal eigedomsforvaltning per kvadratmeter på line med Sande og Tingvoll. Nesset skil seg mest ut av kommunane med klart høgast kostnad her. Vanylven har lågare kostnadar enn KOSTRA-gruppa og landssnittet.
- Om vi ser på utgifter til driftsaktivitetar og til reinhaldsaktivitetar, er det berre Sande som har mindre utgifter enn Vanylven per kvadratmeter. Vanylven har også eit lågare snitt enn landet og KOSTRA-gruppe 2.
- Vi tek atterhald om at det kan vere feilrapportering av kva for utgifter som er rapportert på vedlikehald, og som er rapportert på driftsaktivitetar. Dette er ikkje uvanleg.

Vedlikeholdsaktiviteter og driftsaktiviteter eigedomsmassen



Areal eiedomsmassen


- Figuren under viser samla areal til føremålsbygga (administrasjonslokale, førskulelokale, skulelokale, institusjonslokale, kommunale idrettsbygg og kommunale kulturbygg) i kvadratmeter per innbyggjar i Vanylven, samanlikningskommunane og landet. Som figuren viser, har Sande eit vesentleg større areal per innbyggjar, medan Tingvoll og Vanylven er på eit relativt likt nivå. Alle blant dei andre samanlikningskategoriane har eit lågare samla areal på føremålsbygga i kvadratmeter per innbyggjar.




Kilde: Kostra 2015. * Nesset 2014.

Energikostnader kommunal eigedomsforvaltning

- Figuren til venstre samanliknar Vanylven med samanliknbare kommunar og landsnittet i 2015. Som figuren viser, har Vanylven utgifter godt under alle samanlikningskommunar, med unntak av Sande. Vanylven har òg lågare utgifter enn KOSTRA-gruppa og landsgjennomsnittet. Kommunen har truleg ikkje mykje å spare på energikostnader, med mindre det vert ei mindre bygningsmasse.
- Figuren til høgre viser energikostnader for kommunal eigedomsforvaltning per kvadratmeter. Figuren viser ei positiv utvikling for kommunen, sidan energikostnadane samla har gått ned per kvadratmeter dei siste tre åra.



Kilde: KOSTRA 2015. * Nesset 2014.




Kilde: KOSTRA 2013 - 2015.


Kommunale bustader

- Figuren til venstre viser mengde kommunale bustadar per 1000 innbyggjarar. Som figuren viser, har Vanylven lik mengde bustadar per 1000 innbyggjar som Tingvoll, og dessutan er KOSTRA-gruppe 2 på tilsvarande nivå. Vidare har Vanylven ei høgare mengde bustadar per 1000 innbyggjarar enn dei andre samanlikningskategoriane.
- Figuren til høgre viser netto driftsutgifter til kommunalt disponerte bustadar per innbyggjar. Vanylven hadde i 2015 høgare utgifter enn inntekter på dei kommunale bustadene, og låg med dette over alle samanlikningskategoriane dette året.

Kommunalt disponerte bustader og omsorgsbustader per 1000 innbyggjarar



Netto driftsutgifter til kommunalt disponerte bustader per innbyggjar




Kilde: KOSTRA 2013 - 2015.

Kilde: KOSTRA 2013 - 2015.

Brannvern

- Som figuren viser, har Vanylven utgifter knytt til førebygging av brann og andre ulukker langt over dei andre kommunane, KOSTRA-gruppe 2 og landsgjennomsnittet.
- Ser vi på beredskap mot brann og andre ulukker, har Vanylven lågare utgifter enn dei andre samanlikningskategoriane.
 - Kommunen vil likevel kunne redusere kostnadane her ytterlegare ved å ha ein brannstasjon i staden for to som i dag, og dessutan ved å redusere vaktordninga.



Kilde: KOSTRA 2015.


Brannvern (2/2)

Mogleg innsparing:

- Vaktordning
 - Kommunen har i dag ei eiga vaktordning for teknisk og brann. Vaktordninga kostar om lag kr. 400.000,- + overtid på omlag kr. 60.000,- (i 2016 fordelt på 4 mann, med vakt 24 timar i døgnet). Sidan kommunen har lagt opp til sentral driftsstyring på dei fleste bygg og på vatn og avløp, er behovet for vaktordning redusert. Kommunen kan då ha vakt berre utanom arbeidstid. Om kommunen legg om denne ordninga med eit fastbeløp på t.d. kr. 4.000,- pr. veke, vil Vanylven ha ei innsparing på omlag kr. 200.000,- pr. år.
- Brannstasjon.
 - P.t. har kommunen to brannstasjonar med omlag ei mil avstand mellom desse.

Grøntareal m.m.


- Figuren under viser kostnader til naturforvaltning og friluftsliv og rekreasjon i tettstadar:
 - Når det gjeld netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbyggjar, er Vanylven den kommunen som har lågast nivå.
 - For netto driftsutgifter til rekreasjon i tettstadar, har både Sande og Tingvoll lågare utgifter enn Vanylven, medan Nesset har vesentleg høgare. KOSTRA-gruppe 2 og landsgjennomsnittet har større utgifter enn Vanylven.




Kilde: KOSTRA 2015

Ressursbruk arealforvaltning

- Figurane under viser ressursbruk samla for fleire område innan arealforvaltning.
- Figuren til venstre viser netto driftsutgifter til plan/kart/bygg per innbyggjar. Vanylven er på line med landsgjennomsnittet, men ligg godt under alle av samanlikningskommunane og KOSTRA-gruppe 2.
- Figuren til høgre viser netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminne, natur og nærmiljø per innbyggjar. Vanylven har hatt ein reduksjon i kostnadsnivå frå 2013 til 2015. Kommunen ligg godt under alle av samanlikningskategoriane.





Kilde: KOSTRA 2013 - 2015.



Kilde: KOSTRA 2013 - 2015.

Plan og byggesak

- Figuren til venstre viser netto driftsutgifter til plansaksarbeid per innbyggjar, og dessutan netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbehandling og seksjonering per innbyggjar.
 - Vanylven hadde eit utgiftsnivå per innbyggjar på plansaksarbeid som ligg under alle av samanlikningskommunane, KOSTRA-gruppe 2 og landssnittet.
 - På netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbehandling og seksjonering per innbyggjar er Vanylven einaste kommunen som har større inntekter enn utgifter.
- Figuren til høgre viser saksarbeidsgebyr for oppføring av einebustad. Figuren viser at Vanylven har lågare gebyr enn alle samanlikningskategoriane. Vi har ikkje grunnlag for å seie at Vanylven ikkje brukar sjølvkost på gebyr, men det er noko kommunen bør sjå nærare på.




Kilde: Kostra 2013 - 2015.

Kilde: Kostra 2015.


Kart og oppmåling

- Figuren til venstre viser netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbyggjar. Vanylven ligg på eit vesentleg høgare nivå enn alle samanlikningskommunar, landsnittet og gjennomsnittet av KOSTRA-gruppe 2. Ut i frå figuren har kommunen eit innsparingspotensial her.
- Figuren til høgre viser nivået på standardgebyr for oppmåling av areal tilsvarande ei bustadstomt på 750 kvadratmeter. Her ligg Vanylven på eit lågare nivå enn alle av samanlikningskommunane og landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbyggjar



Standardgebyr for oppmålingsforretning for areal tilsvarande ei boligstomt på 750 m²



Kilde: KOSTRA 2015

Oppsummering kommunalteknisk drift

- Kommunen har truleg lite å hente på sjølvkostnivået når det gjeld vatn og avløp.
- Kommunen har truleg lite innsparingspotensial når det gjeld driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning. Innsparingspotensialet ligg i å minske bygningsmassen.
- Kommunen har truleg ikkje mykje å spara på energikostnadar, med mindre det vert ei mindre bygningsmasse.
- Kommunen har ikkje spesielt store utgifter til brannvern, men har likevel eit innsparingspotensial i form av berre ein brannstasjon og ny vaktordning.
- På tross av mange kilometer kommunal veg, ligg ikkje Vanylven veldig høgt i kostnadar. Det er likevel eit innsparingspotensial ved å omklassifisere vegane.
- På netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbyggjar ligg Vanylven på eit vesentleg høgare nivå enn alle samanlikningskommunane, landsnittet og gjennomsnittet av KOSTRA-gruppe 2.

Teknisk sektor – innsparingar (1/2)

1. Mindre bygningsmasse for kommunen
 - Kommunen er i dialog om å gi i frå seg Eidsåttun, Rovdetun og gamle Åram skule.
 - I straum og driftskostnadar er det her snakk om innsparing på omlag 100 000,- per bygning. Antatt innsparing derfor 300 000,-
2. Ved det aktive arbeidet til kommunen med å redusere bygningsmassen er det òg forventa eit mogleg nedtrekk i uteseksjonen på teknisk, nærare bestemt på vaktmestertenesten.
 - Mogleg innsparing 500 000,-
3. Brannstasjon
 - Kommunen har i dag to brannstasjonar med ca. ei mil avstand mellom seg. Telemarkforskning føreslår at stasjonen på Syvde leggjast ned.
 - Mogleg innsparing på 225 000,-
4. Brannsjef
 - Kommunen har ein brannsjef i 50 % stilling. Denne vert føreslått løyst interkommunalt med ein av nabokommunane. Ved å kutte denne stillinga vil kommunen vere avhengig av å kjøpe tenesta.
 - Mogleg innsparing 150 000,-

Teknisk sektor – innsparingar (2/2)

5. Landbrukskontor

- Kommunen yter gode landbrukstenester og har her eit potensial for sal av tenester.
- Mogleg inntening på 100 000,-

6. Omklassifisering av vegar

- Kommunen eig og driftar mange kilometer med vegbane. Fleire av desse leier berre til enkelte privatbustader etc. Dette er ein kostnad med tanke på vedlikehald.
- Mogleg innsparing på 100 000,-

Tiltaksliste - Teknisk

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Mindre bygningsmasse	Kommunen er i dialog om å gi ifrå seg Eidsåtun, Rovdetun og gamle Åram skule. Kommunen har truleg høve til å minka bygningsmassen endå meir, med ytterlegare innsparingar.	300 000
Vaktmestertjenesten	Ved mindre bygningsmasse vil det òg vere mindre å vedlikehalde og drifte. Det vil dermed vere mogleg med eit nedtrekk i uteseksjonen til teknisk.	500 000
Brannstasjon	Kommunen har i dag to brannstasjonar med ca. ei mil avstand. Dette er ein relativt kort avstand mellom stasjonane, og dessutan vert dekninga vurdert som god nok med ein stasjon.	225 000
Brannsjef	Kommunen har ein brannsjef i 50 % stilling. Denne vert føreslått løyst interkommunalt med ein av nabokommunane. Ved å kutte denne stillinga vil kommunen ennå vere avhengig av å kjøpe tenesta.	150 000
Omklassifisering av vegar	Kommunen eig mange kilometer med vegbane. Fleire av desse leier berre til enkelte privatbustader etc. Dette er ein kostnad med tanke på vedlikehald	100 000
	Samla innsparing på teknisk	1 275 000
Landbrukskontor	Kommunen yter gode landbrukstenester og har her eit potensial for sal av tenester.	100 000

Helse og omsorg

Organiseringa i dag

Helse og omsorg Kommunalsjef Arnhild Nordaune

3010 Administrasjon	3020 Legetenesta	3030 Barn og unge	Barnevern	3035 Flyktningtenesta
<p>Leiar: Arnhild Nordaune</p> <p><i>Helse- og omsorgs-tenesta er samla under felles leing.</i></p>	<p>Leiar: Hamid Keshavarz (fagleg leiar)</p> <p><i>Legetenesta og legevakt, miljøretta helsevern.</i></p>	<p>Leiar: Gry Bringsvor</p> <p><i>Helsestasjon og jordmorteneste.</i></p>	<p>Leiar: Marion Vik</p> <p><i>Barneverntenesta</i></p>	<p>Leiar: Linda Otneim</p> <p><i>Busetting og tilrettelegging, introduksjonsprogram.</i></p>

3050 Arbeid og sosial	3050 Arbeid og sosial	3071 Institusjon	3073 Institusjon	3080 Kjøkken
<p>Leiar: Ingrid Nystøyl</p> <p><i>Tidlegare arbeid, trygd og sosial er samordna i NAV Vanylven.</i></p>	<p>Leiar: Robert Warberg</p> <p><i>Skjerma arbeidsplass for kortare eller lengre tid.</i></p>	<p>Leiar: Rose-Mari Nygård</p> <p><i>Avdeling på Vanylven helse- og omsorgssenter.</i></p>	<p>Leiar: Eli Tefre Nordal</p> <p><i>Avdeling på Vanylven helse- og omsorgssenter.</i></p>	<p>Leiar: Sonja Riste</p> <p><i>Kjøkken med matproduksjon for heile kommunen.</i></p>

3070 Heimesjukepleie	3072 Heimesjukepleie	3075 Førbygging og rehab.	3076 Bu og avlasting
<p>Leiar: Liv Rannveig Sunde</p> <p><i>Institusjonsplassar og heimebaserte tenester for sone sør.</i></p>	<p>Leiar: Unni Sørdal</p> <p><i>Heimebaserte tenester, med Syvdetun som "basen" for sone nord. 18 omsorgsbustader</i></p>	<p>Leiar: Magni Villdalen</p> <p><i>Psykisk og fysisk helse, med fleire faggrupper.</i></p>	<p>Leiar: Randi Vidnes</p> <p><i>Bu- og aktivitetstilbod og avlasting.</i></p>

Karakteristika/kjenneteikn

- Låge, men stabile fødselstal
- Aukande del eldre, særleg over 80 år
- 40 % fleire psykisk utviklingshemma enn landsgjennomsnittet
- Stor del ekstra ressurskrevjande brukarar
- Mange brukarar med rusproblematikk
- Med unntak av kompetansenettverk i Sjustjerna og Miljøretta helsevern, er det lite bruk av interkommunalt samarbeid i helse- og omsorgssektoren. Sosialtenesta har interkommunalt samarbeid om incestsenter, krisesenter og overgrepsmottak.
- Utfordringar knytt til rekruttering av leger og sjukepleiarar
- Sjukefråvær på vel 8 %, men generelt lågt fokus på sjukefråvær i avdelingane
- Generelt lågt fokus på avvik
- Tilsette meiner generelt at dei leverer gode tenester
- Systematisk gjennomføring av brukarundersøkingar. Det er få klager og brukarane er gjennomgåande nøgd med tenestene
- Bruk av langvakter/oljeturnus for ressurskrevjande brukarar har medført at tilsette får høgare stillingsbrøk og at sjukefråværet er redusert
- Ifølgje kommunalsjefen er organisasjonen prega av stor fleksibilitet
- Det har vore gjennomført fleire organisatoriske endringar/tilpassingar dei siste åra, og det kan verka som tilsette jamt over er noko «endringstrøtte»
- Stort leiarspenn i mange avdelingar
- Fagkoordinator i tillegg til leiar i fleire avdelingar

Avdeling barn og unge

Helsestasjon

- Avdelinga består av helsestasjon og skulehelseteneste, med 2 årsverk helsesyster; 1 til skulehelsetenesta og 1 til helsestasjon, inkl. 30 % leiarfunksjon
- Ifølgje leiar er ikkje samarbeidet mellom helsestasjon og barnevern særleg tett
- Helsestasjonen har jordmor i 40 % stilling, noko som er høgt kommunestorleiken tatt i betraktning
- Kommunen har ikkje ungdomshelsestasjon
- Jordmor tilbyr prevensjonsrettleiing og innsetting av spiral og p-stav. I tillegg får alle kvinner som ynskjer det, tilbod om å få tatt celleprøver hos jordmor. Dette for å kompensera for manglande kvinnelege legar.
- Helsestasjonen har tilbod om reisevaksinering
- Helsestasjonen har 10 % ressurs til familieterapi
- Helsestasjonen deltek i interkommunalt fagnettverk

Forslag til tiltak

- Reisevaksinering er ikkje lovpålagt. Dersom ikkje innsparingspotensialet vert rekna som heilt marginalt, vil Telemarksforsking tilrå å visa innbyggjarane til t.d. Volda.
- Familieterapi er eit godt tilbod, men ikkje lovpålagt. Det vert difor rådd til å visa familiar til familievernkontor som finst i alle fylke. Med tanke på behovet for å dreia tiltak i barnevernet meir mot førebygging, ville kommunen sannsynlegvis hatt større effekt av å tilby foreldrerettleiing, t.d. i form av PMTO, framfor familieterapi.

Barnevern

- Relativt god bemanning, få saker pr. sakshandsamar og ingen fristoverskridingar
- Relativt høgt tal barn i gruppa 0-17 år med tiltak, med 6,2 % mot 4,8 % i landet
- Barnevernet ligg høgt på kostnader på tiltak utanfor heimen (funksjon 2520), med 409 000 i netto driftsutgifter pr. tiltak, mot 290 000 for landsgjennomsnittet
- Samstundes ligg dei svært lågt på hjelpetiltak i heimen (funksjon 2510), med 5 % mot 11,5 % i landsgjennomsnitt
- Kommunen har avventa ei mogleg kommunesamanslåing før dei vil nærare vurdere interkommunalt samarbeid

Forslag til tiltak

- Forsterkningstiltak er truleg noko av forklaringa på dei høge kostnadene pr. fosterheim. Telemarkforskning vil difor rå til ei systematisk evaluering av alle tiltak, med fokus på effekt og behov. Føremålet er å nedskalere eller endre tiltak, og avslutte tiltak der det er mogleg
- For å redusere behovet for fosterheim, bør innsatsen dreiest over mot ein større grad av tiltak i heimen (funksjon 2510).
- Barnevernet har eit høgt tal barn med tiltak. Det vert rådd til å sjå nærare på om innslagspunktet for iverksetting av tiltak er rett
- Vi rår til å vurdere høvet for interkommunalt samarbeid. Dette gjev ikkje nødvendigvis økonomisk innsparing, men aukar ofte kvaliteten, då sårbarheten med få tilsette og utfordringar knytt til inhabilitet i saker vert redusert. Vidare vil tilsette få eit større fagmiljø å støtta seg på.
- Vi rår til å leggje butiltaket for einslege mindreårige flyktningar organisatorisk under barnevernet. Dette gjev heller ikkje nødvendigvis økonomisk innsparing, men bidreg til ein ryddigare organisasjon og større fagleg fellesskap

Førebygging og rehabilitering

Avdelinga er svært samansett og består av:

- Psykisk helse/rustenester, bustad-sosialt arbeid, fysioterapi, ergoterapi, døgnbemanna bustad til 3 ressurskrevjande brukarar og oppfølging av heimebuande psykisk utviklingshemma. Rehabiliteringskoordinator med ansvar for individuell plan, støttekontaktar og koordinerande eining. Folkehelsekoordinator i 50 % stilling på systemnivå med ansvar for m.a. søknader/tilskott og 50 % stilling til drift av dagtilbod til menneske med psykiske vanskar, demente og eldre i institusjon. Frisklivssentral vert òg ein del av denne avdelinga.
- Det store spennet i verksemda gjer at avdelinga står fram som noko fragmentert med utydelege linjer. Tilsette forsterkar dette inntrykket og gjev uttrykk for at dei ikkje opplever leiar som tilstrekkeleg til stades. Det same gjeld fagkoordinator som må dela seg på fleire avdelingar. Tilsette som t.d. opplever truslar og vald, saknar tettare oppfølging/retteleiing
- Tilsette i psykisk helse/rusteneste gjev uttrykk for at dei er slitne, og at dei har for knappe ressursar.

Forslag til tiltak

- Det er positivt at psykisk helse/rustenester ligg i avdeling for førebygging og rehabilitering, men dette bør òg få implikasjonar for tenestetilbodet. Vi rår til å sjå nærare på fagleg tilnærming, eksempelvis om brukarane si eigenmestring kan styrkjast.
 - Som hjelp i prosessen med å endre fagleg tilnærming, bør det verte gjeve tilbod om kurs i metoden *Motiverande intervju* til alle tilsette. Kursa vert tilbode i regi av Fylkesmannen over heile landet
- For å utnytte ressursane betre og auka fokuset på rehabilitering, rår vi til å vurdere høvet for å redusere talet på brukarar med ein-til-ein-tilbod. Følgjande tiltak kan bidra til dette:
 - Gjennomgang av alle vedtak, evaluering av effekten og endring eller avslutting av tiltak som har liten effekt eller som, i enkelte tilfelle, bidreg til redusert eigenmestring.
 - Etablering av gruppetilbod, evt. i samarbeid med Frisklivssentralen eller frivillige.

Forslag til tiltak held fram..

For å gjere avdelinga meir oversiktleg vil Telemarkforskning rå til følgjande organisatoriske endringar:

- Tenester til heimebuande med psykiske vanskar vert samordna med heimebaserte tenester. Føreslegen endring i fagleg tilnærming fell dessutan for ein stor del saman med metoden kvardagsrehabilitering som er tenkt innført i heimebasert teneste.
- Tenester til heimebuande psykisk utviklingshemma, i likskap med tenester til heimebuande med psykiske vanskar, vert flytt til heimebaserte tenester
- Heildøgntenester høyrer intuitivt ikkje inn under Avd. for førebygging og rehabilitering. Vi rår derfor til å desse tenestene over til Avd. for bu og avlastning. Her er det anna personell med kompetanse som òg går i døgnteneste, og som kan bidra til betre fagleg og ressursmessig utnytting
- Bustadsosialt arbeid bør flyttast til NAV. Dette inkluderer oppfølging av rusavhengige som òg er ei hovudmålgruppe innanfor øvrige tenester i NAV.
- Telemarkforskning rår til å leggja ansvaret for støttekontakttenesta inn under Avd. for bu og avlastning, og samordna med avlastning som er ei nærskyld teneste
- Vidare rår vi til å ta i bruk *Fritid med bistand* som ein aktiv metode i støttekontakttilbodet. Her vert det inngått samarbeid med frivillige organisasjonar og samskipnader, som får betalt mot å inkludere personar med særskilde behov. Eit anna alternativ er å etablere gruppetilbod. Begge delar kan innebære innsparingar i støttekontakttenesta, utan at dette kan kostnadsreknast per i dag.

Tiltak held fram..

- 50 % ressurs som folkehelsekoordinator er mykje, kommunestorleiken teke omsyn til. Ressursen vert nytta på systemnivå til saksarbeid av søknader, tilskott, m.v. Vi rår til at ressursen òg kan ivareta oppgåva som koordinerande eining, saksarbeid knytt til individuell plan og merkantile oppgåver.
- Den attverande 50 % av folkehelsekoordinatorstillinga vert nytta til drift av dagtilbod til menneske med psykiske vanskar, demente og eldre i institusjon. Ingen av desse tiltaka er direkte lovpålagt, sjølv om dei nok utgjer ein positiv skilnad for brukarane. Vi rår til å sjå nærare på høvet for at tilboda kan drivast av frivillige. Dersom kommunen skal ha best mogleg utnytting av ressursen, bør dessutan dagtilbod verte gjeve til heimebuande eldre, framfor dei som allereie har døgntilbod i institusjon.
- Om tilbodet vert heilt avvikla, vil det kunne gje ei innsparing på om lag 175 000, sidan kommunen motteke tilskott på 125 000 frå fylkeskommunen. Ein må i fall vera førebudd på auka behov for tenester på andre område, som heimetenester og institusjon.

Institusjon og heimesjukepleie

- Talet på eldre over 80 år med institusjonsplass ligg på heile 21,6 %, mot landsgjennomsnittet på 13,5 %.
- Andel brukarar med tilbod om heildøgns omsorgsbustad ligg på 7,1 % mot 3,1 i landet, altså meir enn dobbelt så mange.
- Det er få plassar til korttidsopphald med 8,3 % mot i underkant av 20 % på landsbasis.
- Førebyggjande tiltak er lågt prioritert med 64 kr/innb mot 170 kr/innb på landsgjennomsnittet
- Kommunen har hatt store utfordringar med å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. I 2016 brukte dei om lag 100 000 til betaling for såkalla overliggarar.
- Vanlegvis er ein institusjonsplass svært kostbar, men kommunen ligg godt under snittet i kostnader pr. plass. Enkelte gonger kan dette forklarast med låg kompetanse, men i dette tilfellet kanskje særleg med det tilhøvet at kommunen har svært høge tilskott knytt til ressurskrevjande brukarar. Eksempelvis utløyste 7-8 brukarar om lag 21 mill. i slike tilskott i 2015, ifylgje kommunalsjefen
- Tilsette i heimebasert teneste gjev uttrykk for å vera svært slitne og poengterer behovet for fleire hender og merkantile ressursar

Forslag til tiltak

- Hovudutfordringane innanfor helse- og omsorgsfeltet ligg hovudsakleg i høgt tal på brukarar med institusjon- og heildøgnsstenester, for små ressursar i heimebasert teneste og for små merkantile ressursar.
- Tiltaka bør i størst mogleg grad retta seg mot reduksjon i bruk av kostbare, heildøgns institusjonsplassar, ved å gjera brukarane i stand til å bu lenger heime. For å få dette til vil Telemarkforskning tilrå at kommunen dreiar innsatsen til auka satsing på heimebaserte tenester og førebygging. Dette kan gjerast gjennom:
 - Auka ressurs i heimebaserte tenester
 - Auka tal på korttidsplasser
 - Auka tal på rehabiliteringsplasser til utskrivingsklare pasientar
 - Snarast mogleg etablera kvardagsrehabilitering som metode. Her bør det søkjast på statlege tilskott m.a. til auka ergoterapiressurs, som er ein føresetnad for innføring av metoden
 - På sikt, søkja statlege tilskott til etablering av eit prosjekt knytt til velferdsteknologi
- For å avlasta avdelingsleiarar særleg i heimebaserte tenester, rår vi til å styrkje merkantil ressurs noko. Det bør vera mogleg å finna midlar til dette gjennom dei foreslegne organisatoriske endringane i kommunalområdet som heilskap.

Legetenesta

- Kommunen har god legedekning med 18,4/1000 innb. mot 10,5/1000 innb. i landsgjennomsnitt
- Kommuneoverlege i 60 % stilling er svært høgt for ein kommune på storleik som Vanylven, noko som vert stadfesta av KOSTRA. Tilrådd ressurs er 50 % i kommunar med 5000 innbyggjarar, tilsvarande 30 % for Vanylven.
- Kommunen har store utfordringar knytt til rekruttering av legar. Pr. i dag er det berre mannlege, utanlandske legar.
- Av denne grunn har kommunen valt å bruke jordmor til oppgåver som normalt ligg under fastlegen sitt ansvar, som t.d. prevensjonsrettlegg/innsetting av spiral/p-stav og tilbod om celleprøver til alle kvinner som ynskjer det. Vidare ivaretar kommunalsjefen sjølv oppgåver som ligg til kommuneoverlegen, for å avlasta denne.
- Så lenge det ikkje er brusamband, er det uaktuelt for kommunen å delta i interkommunalt samarbeid om nattlegevakt i Sjustjerna

Forslag til tiltak

- Telemarksforsking rår til at ordninga med at jordmor tek i vare fastlegeoppgåver, vert avvikla. Ressursen kan omdisponerast til område med større behov, t.d. foreldrerettleiing, alternativt halvere ressursen til 20 % eller med om lag 120 000.
- Vi rår til å halvere ressursen til kommuneoverlege til 30 %
- Vidare rår vi til å vurdere høvet for å inngå i interkommunalt samarbeid om kommuneoverlege. Innsparingspotensialet er vanskeleg å anslå, då dette kjem an på talet på kommunar som deltek.
- Dessutan rår vi til at kommuneoverlegen vert forplikta til å ta større ansvar for legetenesta, slik at kommunalsjefen kan frigjerast til andre administrative oppgåver, t.d. søknader om tilskot mv. Dette ville frigjere folkehelsekoordinator til andre oppgåver.

Kjøkkentenesta

- Sentralkjøkken på Fiskå med 5, 25 årsverk fordelt på 11 personar
- Tilsette jobbar dagtid + kvar 3. helg
- Leverer mat til institusjonar, omsorgsbustader og til heimebuande i heile kommunen, i alt ca. 110 personar
- Dagleg utkjøring av mat føregår som ein aktivitet ved dagsenteret for puh
- Framtidige føringar om 2 varme måltid pr. dag til institusjonsbebuarar kan løysast utan ekstra kostnad
- Som følgje av sjukefråvær er leiarressursen redusert med 50 % på permanent basis
- Dagens ordning med lokal matlevering har ein kostnad på 90 kr/døgn/person
- Svært god kvalitet; vart nominert som nr. 5 av 305 kommunar i «Gyldne måltidsøyeblikk»
- Den geografiske plasseringa til kommunen gjer det vanskeleg å kjøpa tenesta utanfrå
- Geografien gjer det òg positivt med eige sentralkjøkken, sett frå eit beredskapsperspektiv
- Vi rår til at kjøkkenet vert oppretthalde.

Dagaktiviteter og NAV

- Kommunen har fleire ulike dagaktivitetstilbod; både til eldre i institusjon, demente, personar med psykiske vanskar og psykisk utviklingshemma. Ingen av dei er lovpålagte, men har nok stor tyding for brukarane og kan medverka til reduksjon i behov for andre tenester
- Vidare kan det synast som Stenbakken er eit kvalitativt godt dagtilbod. Dette er eit kommunalt verna føretak m.a. til personar med psykisk helseproblematikk, noko rus, enkelte flyktningar, oppfølgingstenesta frå vidaregåande skule og dessutan enkelte som er på arbeidsavklaring frå NAV. Her er det 2 årsverk fast + 0,4 årsverk ekstra ressurs siste året. Ressursen kan verka noko høg for ca. 14 brukarar, sjølv om tilsette og utfører andre oppgåver som t.d. transport.
- Det vert rådt til å sjå på høva for å samordna dei ulike dagtilboda, slik at ressursane vert utnytta betre
- NAV disponerer i tillegg VTA-plassar i vaskeri, med ledig kapasitet. Ressursane her burde i større grad sjåast i samheng med andre dagtilbod med tanke på betre utnytting


NAV

- Det kan synast som NAV ligg noko isolert frå anna kommunal drift.
- For å samordne tenesta og auke det tverrfaglege samarbeidet overfor dei største brukargruppene, kan det vera fornuftig å organisere flyktningetenesten og bustadsosialt arbeid saman med NAV til ei eiga avdeling for velferdstenester
- Sidan dette gjeld små verksemdar der leiar for ein stor del inngår i sjølve tenesteproduksjonen, vil innsparingspotensialet vera marginalt

Oppsummering

- Med eitt par unntak kan det synast som det er relativt små høve for raske økonomiske gevinstar i Vanylven. Innanfor helse- og omsorgsfeltet er tenesta til ein kvar tid tilpassa brukarane sine behov, og tildeling skjer på bakgrunn av enkeltvedtak. Det er difor ikkje råd å kome med eksakte beløp for mogleg innsparing
- Det største innsparingspotensialet ligg i forslaga til endringar i fagleg tilnærming, som skildra under dei enkelte tenesteområda. Dei fleste av desse vil likevel ha konsekvensar for brukarane sine enkeltvedtak og må sakshandsamast, jf. Forvaltningsloven. Dette er difor ikkje endringar som vert gjort «over natta»
- Sett utanfrå står helse- og omsorgsfeltet fram som noko uklar i organiseringa. Det er heile 13 verksemder med kvar sin leiar, og tilgrensa tenester er i liten grad samordna
- Slik vi ser det, vil organisasjonen kunne verta endå meir fleksibel, gje betre ressursutnytting og tydelegare linjeleiing om ein samlar tilgrensa tenester i større grad enn no.
- Samordning av tilgrensa tenester kan òg medverke til at det faglege fokuset aukar, og at tilsette opplever at behova deira blir betre ivaretatt av leiar
- I forslaget vårt til ny organisering er talet på avdelingsleiarar redusert frå 13 til 7. I ein liten kommune som Vanylven der leiar i stor grad deltek i direkte tenesteproduksjon, vil denne organiseringa likevel gje små økonomiske gevinstar, då leiarar som oftast har rett til å halde på leiarløna som følgje av omorganisering.
- På bakgrunn av skildringane frå dei ulike avdelingane, rår vi til å vurdere følgjande forslag til endringar i organiseringa (sjå neste foil):

Forslag til ny organisering av helse og omsorg



Tiltaksliste – helse og omsorg

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
30 % av jordmor	Med kommunen si gode legedekning, vert det tilrådd å avvikle ressursen som jordmor nyttar til oppgåver som ligg under fastlegane sitt ansvar	120 000
50 % folkehelsekoordinator	Kommunen ha svært høg ressurs knytt til folkehelsekoordinator. Det vert rådd til å sjå på moglegheita for å omdisponere denne til meir presserande oppgåver, eksempelvis merkantil ressurs	175 000 Evt. nyttast til andre oppgåver
30 % kommuneoverlege	Kommuneoverlegestillinga vert redusert til 30 %, dvs. ei halvering samanlikna med stillingsbrøken i dag. Berekna ut frå vanleg årsløn til kommuneoverlege på min. 1 000 000, tilseier innsparinga om lag 360 000	360 000
Reduksjon i fosterheim/fosterheimsbetaling	Tala er høgst usikre, og endringa gjev ikkje umiddelbar effekt grunna vedtak. Men om tenesta over tid vert tilpassa nasjonalt kostnadsnivå, kan omlegging på sikt gje innsparing på vel 800 000.	800 000
Reduksjon i antal leiarar	Med utgangspunkt i foreslått organisering og eit gjennomsnittleg leiartillegg på 20 000, vil ein reduksjon i talet på leiarar gi ei innsparing på om lag 100 000. Leiarar vil derimot behalde tillegget som fylgje av omstilling, slik at innsparinga ikkje kjem umiddelbart.	100 000
Samla innsparing innan helse og omsorg		1 595 000

Barnehage


Innleiing barnehage

Rekneskapstala viser at barnehagetilbodet i Vanylven i 2015 kosta ca. 1,5 millionar meir enn normert utgiftsnivå. Ein liten del av dette skuldast eit stort behov for styrka tilbod til enkeltbarn, men det meste, 1,4 millionar, skuldast den ordinære barnehagedrifta.

I figuren til venstre ser vi at Vanylven har forholdsvis mange barn i barnehagen, på nivå med KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet.

- Syvde barnehage har god plass til sine 30 barn.
- Åheim barnehage har nett den plassen dei treng til sine 30 barn.
- Solsikka barnehage har to barnehagebygg, som viss dei nyttast fullt ut til barnehagedrift, har rikeleg plass til sine 55 barn.

Prosentdel barn 1-5 år med barnehageplass



Prosentdel barn 1-5 år med barnehageplass. Kjelde: KOSTRA.

Utdanningsbakgrunn (alle barnehagane)	Vanylven	Landet
Barnehagelærerutdanning	36.60%	40.70%
Barne- og ungdomsarbeidar	29.30%	18.00%
Annan bakgrunn	34.10%	41.40%


Personalets utdanningsbakgrunn desember 2015. Kjelde: Udir.

Fordelinga av barnehagebarna

Figuren til venstre viser fordelinga på barn frå 0 til 5 år.


- I heile landet er det om lag like mange barn i private og kommunale barnehagar. Dette varierer frå kommune til kommune. I Vanylven er dei to minste barnehagane kommunale.
- Figuren til høgre viser fordelinga av barnehagebarn etter alder. Vi ser at Vanylven har forholdsvis få små barn (0-3 år) i barnehagar.

Barn med og utan barnehageplass 2015



Andel barn 0-5 år med og utan barnehageplass. Kjelde: KOSTRA.

Barn etter alder 2015



Barn i barnehagealder. Kjelde: KOSTRA.


Netto driftsutgifter per barn

Ein kan vente at netto driftsutgifter per barn i barnehagealder aukar når brøkdelen barn som går i barnehagen, veks. Brutto kostnader for barn under tre år er omlag dobbelt så høge som for dei eldre barna. Forskjellen i netto kostnader er enda større pga. foreldrebetalinga.

Vanylven har forholdsvis mange barn i barnehagen, men ein relativt liten del av desse er under tre år. Desse faktorane skulle påverke netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kvar si retning.

Netto driftsutgifter per innbyggjar i alderen 1-5 år i Vanylven låg i 2015 over KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet, men om lag midt i gruppa av samanlikningskommunar.

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar




Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar, konsern. Kjelde: KOSTRA.

Brutto driftsutgifter

Eit mål for effektiviteten i barnehagane er kostnadene per barn per time i barnehagen. For samanlikninga si skuld korrigerer ein for barna sin alder. I figuren til høgre ser vi at utgiftene i Vanylven vaks uvanleg raskt frå 2012 til 2014, for så igjen å vere om lag på nivå med KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet i 2015.

Brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per opphaldstime (kr)



Korrigerede brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar, per korrigert opphaldstime.
Kjelde: KOSTRA.


Overføringer per time i barnehagen

Figuren viser kommunane sine overføringer til private barnehagar per opphaldstime. Dette fyller ut biletet frå førre plansje. Her er det tatt omsyn til barna sin alder, ved at dei yngste tel dobbelt, og kor mange timar barna er i barnehagen.

Overføringane til private barnehagar er underlagt eit regelverk som har endra seg sterkt dei siste åra. Utgangspunktet er til vanleg utgiftsnivået i kommunale barnehagar.

For Vanylven ser vi at overføringane i 2013 låg svært høgt. Også i 2014 og 2015 låg Vanylven høgt i overføringane.

Kommunale overføringer av driftsmiddel til private barnehagar per opphaldstime (kr)



Kommunale overføringer av driftsmiddel til private barnehagar per korrigert opphaldstime (kr), konsern.
Kjelde: KOSTRA.


Minoritetsspråklege barn

Minoritetsspråklege barn krev ekstra merksemd i barnehagen.

I den øvste figuren ser vi at i Vanylven har relativt mange av dei minoritetsspråklege barna som går i barnehagen, samanlikna med KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet.


I 2015 hadde færre av dei minoritetspråklege barna i Vanylven barnehageplass. Dette finn vi også att i den nedste figuren. Vanylven hadde då ein mindre prosentdel enn dei andre kommunane, med unntak av Nesset.

Prosentdel minoritetsspråklege barn i barnehage av alle innvandrarbarn 1-5 år



Prosentdel minoritetsspråklege barn i barnehage av alle innvandrarbarn 1-5 år. Kjelde: KOSTRA.

Prosentdel minoritetsspråklege barn av alle barn med barnehageplass



Prosentdel minoritetsspråklege barn av alle barn med barnehageplass. Kjelde: KOSTRA.

Framtidige barnetal og behov (1)


Behovet for barnehageplassar i framtida vil basere seg på fleire forhold.

- Talet på barn fødd i Vanylven kommune
- Til- og fråflytting
- Behov til barn i ulike alder
- Reglar for rett til barnehageplass

Grafen til venstre viser at fødselstalet varierer mykje frå år til år. SSB gir tal for barn i alderen 1-5 år per 1. januar kvart år. Grafen til høgre viser at det har vore netto tilflytting til Vanylven.


Når store årskull går over i skulen, blir talet på barn i barnehagealder mindre.

Levandefødde etter fødselsår



Levandefødde i Vanylven etter fødselsår. Kjelde: SSB.


Barn 1-5 år i januar



Barn i alderen 1.-5 år (januar) og berekna barnetal ut frå fødselstal. Kjelde: SSB

Framtidige barnetal og behov (2)

SSB gir prognoser for framtidige barnetal. Venstre del av grafen under er henta frå førre plansje. I høgre del av grafen er ei framskriving av barnetalet bygd på middels fertilitet og middels flytting. Det er då venta at barnetalet for 1-5 år vil gå ned om lag 10 %.



Barn i alderen 1.-5 år (januar), berekna barnetal ut frå fødselstal og prognose fram til 2030. Kjelde: KOSTRA.

Framtidige barnetal og behov (3)

Rett til barnehageplass er frå 2017 avgrensa for dei minste, slik at barn fødd etter 30. november først får rett til plass i august det året dei fyller 2 år.

- Ein rett til barnehageplass frå månaden barnet fyller eitt år, ville ha gitt auke på ca. 8-17 %, avhengig av når ein reknar at eit barn er fylt tre år (dvs. ikkje lenger to plassar).

Prognosane og utsiktene til tidlegare rett til barnehageplass, tilseier at ein også i framtida vil ha om lag same søking til barnehagane.

Små og store barnehagar

Store og små barnehagar kan ha ulike kostnader per barn.

- Felles normer for talet på *tilsette i barnegruppene* i barnehagane i Vanylven, med eitt årsverk per seks plassar, skal normalt gi like store kostnader i små og store barnehagar.
 - I små barnehagar kan det oftare vere ledige plassar. Dette gir mindre inntekter.
- *Leinga* i barnehagane vil til vanleg koste meir per barn i små barnehagar. Dei to kommunale barnehagane i Vanylven kommune er små og har ca. 30 barn og eitt leiarårsverk.
- I barnehagelova blir det lagt til grunn éin styrar i kvar barnehage, men
 - «det kan tenkast særskilde unntakstilfelle frå krav om at kvar barnehage skal ha ein styrar der det kan vere behov for at fleire barnehagar samlar sine styrarressursar, til dømes i eit leiarteam. Det er ei forutsetning at slik samordning ikkje fører til svekking av styrarressursen. Det betyr at ei samling av styrarressursane skal medføre at styrarressursen skal vere like god som om barnehagen hadde ein styrar.»*)
- I særavtala med KS, SFS 2201, står det at
 - Ein barnehage skal som hovudregel ha styrar i heil stilling...
 - Styrar i mindre barnehagar kan òg utføre andre arbeidsoppgåver enn dei som naturleg ligg til grunn for styrar (til dømes arbeid i barnegruppe). Desse oppgåvene tidsdimensjonert etter drøftingar lokalt, likevel slik at tid til leiaroppgåver skal utgjere minimum 35 % av styrar si stilling.
- Ei slik «tidsdimensjonering» skulle tilseie om lag 20-40 % arbeid i barnegruppene. No blir ledig tid brukt til vikararbeid.
- Nedlegginga i Rovde gav ein ekstra god personalressurs i Syvde barnehage. Frå nytt barnehageår kan ein venteleg redusere med eitt årsverk.

*) Utdanningsdirektoratet i brev til fylkesmannen i Oppland 4.februar 2013

Vurdering

Dei to kommunale barnehagane er i areal og organisering godt tilpassa dagens drift.

Vanylven kommune har lagt ned ein liten barnehage ved årsskiftet og vil frå 2017 få ein reduksjon i dei samla kostnadene for eiga drift. Dette gir igjen på sikt mindre overføringar til den private barnehagen. Desse reduksjonane er rekna inn i budsjettet.

Reint teknisk kan ein leggje samla ca. 40-60 % av eit årsverk frå styrarane inn som arbeid i barnegruppene. Truleg ville dette føre til ein om lag like stor auke i vikarutgiftene.

Grunnskule

Skule og SFO

Det er tre kommunale grunnskular i Vanylven kommune.

Fiskå skule er ein 1-7 skule med 94 elevar skuleåret 2016/17.

27 elevar går i SFO.

Skulen hadde slikt personale:

- Administrasjon: 1,46 årsverk
- Sekretær: 0,30 årsverk
- Lærarar: 11,10 årsverk
- Assistentar skule: 0,93 årsverk
- Assistentar SFO: 0,83 årsverk
- Reinhaldarar: 1,00 årsverk

Myklebust skule er ein 1-10 skule som får elevar frå Fiskå i 8. klasse.

Skulen har 141 elevar skuleåret 2016/17.

15 elevar går i SFO. Skulen hadde slikt personale:

- Administrasjon: 1,51 årsverk
- Sekretær: 0,60 årsverk
- Lærarar: 17,98 årsverk
- Assistentar skule: 1,96 årsverk
- Assistentar SFO: 0,54 årsverk
- Reinhaldarar: 3,38 årsverk

Åheim skule er ein 1-10 skule med 83 elevar skuleåret 2016/17.

19 elevar går i SFO. Skulen hadde slikt personale:

- Administrasjon: 1,45 årsverk
- Sekretær: 0,20 årsverk
- Lærarar: 13,45 årsverk
- Assistentar skule: 1,38 årsverk
- Assistentar SFO: 1,07 årsverk
- Reinhaldarar: 1,88 årsverk


Innleiing

Som vi såg i innleiinga, fekk Vanylven berekna eit utgiftsbehov for grunnskule på omlag 3,2 prosent over landsgjennomsnittet i 2015. Sjølv når dette er tatt omsyn til, brukte kommunen ca. 6,7 millionar meir enn normert utgiftsnivå, som er om lag som for KOSTRA-gruppe 2.

I vurderingane vil vi ta for oss SFO og grunnskuletilbodet. I den samanhengen ser vi på behovet for lærarar og assistentar, og vi vurderer omfanget av spesialundervisninga.


Figurane viser at Vanylven har høge utgifter både samla og til undervisning samanlikna med KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet. Det har Vanylven til felles med samanlikningskommunane.

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15



Netto driftsutgifter til grunnskulesektor, per innbyggjar 6-15 år, konsern. Kjelde: KOSTRA


Netto driftsutgifter til undervisning per innbyggjar 6-15 år



Netto driftsutgifter til grunnskule (202), per innbyggjar 6-15 år, konsern. Kjelde: KOSTRA

Bruk av SFO

- I Vanylven kommune brukar om lag like mange av elevane i 1.–4. klasse SFO som i KOSTRA-gruppe 2 og i samanlikningskommunane Nesset og Tingvoll. Nivået er under gjennomsnittet for Sande, Møre og Romsdal og landet.




Barn (%) 6-9 år i kommunal og privat SFO. Kjelde: KOSTRA.

Kostnader i SFO

Vi har sett at det i Vanylven kommune er om lag like mange av elevane i 1.–4. klasse som brukar SFO som i KOSTRA-gruppe 2 og to av samanlikningskommunane.


- Derfor er det naturleg at netto driftsutgifter fordelt på alle elevar mellom 6 og 9 år i Vanylven er om lag som i desse kommunane.
- Figuren til venstre viser i staden at netto driftsutgifter til SFO har vore høge. Noko av forklaringa finn vi i figuren til høgre. Vanylven har hatt uvanleg store driftsutgifter per SFO-brukar. Dette er endra frå 2015.

Netto driftsutgifter til SFO per innbyggjar 6-9 år



Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod, per innbyggjar 6-9 år. Kjelde: KOSTRA.

Korrigerede brutto driftsutgifter til SFO per brukar



Korrigerede brutto driftsutgifter til skulefritidstilbod (215), per komm. brukar, konsern Kjelde: KOSTRA.

Lærarar i undervisninga


- Figuren til venstre viser at Vanylven har om lag ein tredel færre elevar per lærarårsverk enn Møre og Romsdal og landet. Dette gir om lag 50 % fleire lærarårsverk i høve til elevtalet.
- Vanylven har om lag like mange assistentar i undervisninga som Møre og Romsdal og landet.

SSB si prognose tyder på at elevtalet vi gå ned om lag 20 % på få år.

- Figuren under illustrerer effekten av å ha større skular. Tala er henta frå 1-10 skular i små kommunar (med ein skule).
- Figuren viser også stor spreing mellom like store skular.


Viss Vanylven hadde berre éin skule, med rundt 280-300 elevar, ville ein kunne spare om lag 8-10 undervisningsårsverk, avhengig av fordelinga på årstrinn.

Elevar per undervisningsårsverk



Talet på elevar per undervisningsårsverk. Kjelde: Udir

Elevar per undervisningsårsverk i små kommunar




Talet på elevar per undervisningsårsverk.. Tal frå kommunar med ein skule frå Hordaland til Nord-Trøndelag. . Grunnlagsdata GSI 2016/2017.

Assistentar i undervisninga

Figuren til venstre viser at Vanylven har hatt om lag like mange elevar per assistentårsverk som Møre og Romsdal og landet.


Med den gode lærardekninga i Vanylven, hadde kommunen tidlegare om lag same fordeling på assistentar og lærarar som i Møre og Romsdal og landet. No er det færre assistentar per 100 lærarårsverk.

Elevar per assistentårsverk



Talet på elevar per undervisningsårsverk. Kjelde: Udir

Assistentårsverk per 100 lærarårsverk




Assistentårsverk per 100 lærarårsverk. Kjelde: Udir

Organisering av elevane i klasser på barnetrinnet

Grunnlaget for å rekne ut timetalet i grunnskulen tar utgangspunkt i gamle reglar med ei inndeling i klasser, der éi klasse i utrekninga kan ha maksimalt 28 elevar på barnetrinnet. Med to (tre) trinn i klassa kan det vera 24 (18) elevar. Etter dette skulle Fiskå skule ha 5 klasser, Åheim skule 4 klasser og Myklebust skule 4 klasser i 2016/17. Minstetimetallet gir ein lærar for kvar time i klassa. Til dette kommer timar til deling/styrking og timar til spesialundervisning/særskilt språkopplæring.

- Vi ser at Åheim skule har eit minstetimetall som gir fleire lærartimar per elev på barnetrinnet enn dei to andre skulane. Det er rekna med at sjuande og åttande klasse går for seg.
- I fådelte skular er det vanleg med årstrinndeling i norsk, matematikk og engelsk. Dette ville krevje om lag 4 årsverk i Vanylven. Etter dette er det om lag 3,5 årsverk til anna deling. Om lag 2,5 årsverk går til Fiskå skule.
- Åheim og Myklebust har mindre klasser enn Fiskå. Myklebust har flest timar til spesialundervisning.

Årstimar per elev (b-trinnet)




Lærartimar per elev skuleåret 2016/17. Deling av undervisningstimetallet etter hovudtrinn.

Organisering av elevane i klasser på ungdomstrinnet

Grunnlaget for å rekne ut timetalet i grunnskulen tar utgangspunkt i gamle reglar med ei inndeling i klasser, der éi klasse i berekninga kan ha maksimalt 30 elevar på ungdomstrinnet. Med to (tre) trinn i klassa kan det vera 24 (18) elevar. Etter dette skulle Åheim skule ha 2 klasser og Myklebust skule 3 klasser i 2016/17. Minstetimetallet gir ein lærar for kvar time i klassa. Til dette kommer timar til deling/styrking og timar til spesialundervisning/særskilt språkopplæring.

- Vi ser at Åheim skule har eit minstetimetall som gir fleire lærartimar per elev på ungdomstrinnet enn Myklebust skule. Det er rekna med at sjuande og åttande klasse går for seg.
- I fådelte skular er det vanleg med årstrinndeling i norsk, matematikk og engelsk. Dette ville krevje ca. 0,5 årsverk i Vanylven. Etter dette er det om lag 3,8 årsverk til anna deling. Om lag tre årsverk går til Myklebust skule.
- Åheim har flest timar til spesialundervisning.

Årstimar per elev (u-trinnet)




Lærartimar per elev skuleåret 2016/17. Deling av undervisningstimetallet etter hovudtrinn.

Spesialundervisning


- Figuren til venstre viser at etter måten mange elever i Vanylven får spesialundervisning.
- Medan talet på elevar med spesialundervisning har minka dei siste åra både for KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet, har talet for Vanylven fyrst minka i 2015.
- Figuren til høgre viser at ein mindre del av timane gjekk til spesialundervisning i Vanylven i 2015, både samanlikna med tidlegare år og med KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal, landet og referansekommunane (med unntak av Nesset).
- Det låge timetalet til spesialundervisning heng truleg saman med bruken av delingstimar for å gi tilpassa opplæring i det ordinære opplæringstilbodet. Ein uklok reduksjon i det ordinære timetalet kan føre til auke i spesialundervisninga. Skuleleiarane i kommunen er dei rette til å gjere vurderinga av om ein kan minske talet på delingstimar.

Prosentdel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning



Prosentdelen elevar i grunnskulen som får spesialundervisning 2015. Kjelde: KOSTRA.

Prosentdeldel timar spesialundervisning av mengd lærartimar totalt



Timar spesialundervisning i prosent av talet på lærartimar totalt. Kjelde: KOSTRA.

Talet på skular med ungdomstrinn (1)

Bør ein ha eit felles ungdomstrinn for heile Vanylven?

- Ungdomstrinnet i Mylkebust skule er delt i tre klasser. Det skulle gi ein minsteressurs til undervisning på ca. 4,0 årsverk. Ved Åheim skule er elevane delt i to klasser med ein minsteressurs på ca. 2,7 årsverk.
- Ved å slå saman vil den nye skulen frå 2019/20 til vanleg få tre eller fire klasser og kunne spare om lag to årsverk.
- Elevtalet er slik at ei samanslåing alt frå 2017/18 ville gi seks klasser og auka utgifter til undervisning.
- Ved Åheim skule er fordelinga av elevar slik at ein kan spare inntil eit halvt årsverk ved å ha ei felles klasse for 7. og 8. trinn.

Talet på skular med ungdomstrinn (2)

Ei samling av ungdomstrinnet kunne skje ved å samle elevane på Myklebust skule eller Åheim skule - eller å bygge ut Fiskå skule med eit felles ungdomstrinn.

- Eit samla ungdomstrinn vil kunne gi store klasser. Klasser på 30 elevar bør ha eit undervisningsareal på 80 m², når ein reknar klasserom og grupperom som ligg inntil klasserom. I tillegg må ein ha spesialrom. Myklebust skule og Åheim skule har slike rom.
- Ei samling på Fiskå skule vil venteleg krevje eit nybygg på omlag 1000-1500 m² (kroppsøvingsareal ikkje medrekna) med årlege kapitalkostnader på om lag 2-3 mill. kr.

Skyss ungdomstrinnet

Det er rekna kr 45 til billett per ny elev som får skyss ut av krinsen. For elevar som har skyss i eigen krins, er det rekna kr 30.

- Ei samling av ungdomssteget på Myklebust skule vil bety at ca. 10-15 elevar får lengre reiseveg, og ca. 10-15 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 140 000.
- Ei samling av ungdomssteget på Fiskå skule vil bety at ca. 20-25 elevar får lengre reiseveg og ca. 15 elevar kortare. Ca. 20-25 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss, medan om lag 20-25 elevar som no tar buss, vil kunne gå. På årsbasis vil dette koste om lag kr 40 000.
- Ei samling av ungdomssteget på Åheim skule vil bety at ca. 10 elevar får lengre reiseveg og ca. 10 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 120 000.

Talet på skular med mellomtrinn

Bør ein ha eit felles mellomtrinn for heile Vanylven?

Vi vil sjå på to alternative tilbod for mellomtrinnet i Vanylven kommune. Det eine er tre skular med mellomtrinn. Det andre er å slå mellomtrinnet på dei tre skulane saman i ein skule som òg har felles ungdomstrinn.

- Vi tar omsyn til at fjerde og femte trinn kan danne ei klasse nokre år. Ved å flytte mellomtrinnet, vil det kunne gi fleire klasser på byrjartrinnet.
- Ved å slå saman tre skular, vil mellomtrinnet ved den nye skulen frå 2019/20 til vanleg få fire eller fem klasser, og kunne spare om lag tre årsverk.

Skysst mellomtrinnet

Det er rekna kr 45 til billett per ny elev som får skysst ut av krinsen. For elevar som har skysst i eigen krins, er det rekna kr 30.

- Ei samling av 5.-7. trinn på Myklebust skule vil bety at ca. 25-30 elevar får lengre reiseveg, og ca. 30-35 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 360 000.
- Ei samling av 5.-7. trinn på Fiskå skule vil bety at ca. 20-25 elevar får lengre reiseveg. Ca. 20-25 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 260 000.
- Ei samling av 5.-7. trinn på Åheim skule vil bety at ca. 25-30 elevar får lengre reiseveg, og ca. 20-25 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 340 000.

Talet på skular med 1.-4. trinn

Bør ein ha ein felles skule for heile Vanylven?

Vi vil sjå på to alternative tilbod for elevane på 1.-4. trinn i Vanylven kommune. Det eine er tre skular. Det andre er å slå dei tre skulane saman.

- Ved å slå saman tre skular vil 1.-4 trinn ved den nye skulen frå 2019/20 til vanleg få om lag seks klasser, og kunne spare om lag tre til fire årsverk.

Skyss byrjartrinnet

Det er rekna kr 45 til billett per ny elev som får skyss ut av krinsen. For elevar som har skyss i eiga krins, er det rekna kr 30.


- Ei samling av 1.-4. trinn på Myklebust skule vil bety at ca. 30-35 elevar får lengre reiseveg, og ca. 30-35 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 480 000.
- Ei samling av 1.-4. trinn på Fiskå skule vil bety at ca. 30-35 elevar får lengre reiseveg. Ca. 30-35 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 380 000.
- Ei samling av 1.-4. trinn på Åheim skule vil bety at ca. 35-40 elevar får lengre reiseveg, og ca. 40-45 elevar som no kan gå til skulen, må ta buss. På årsbasis vil dette koste om lag kr 480 000.

Administrasjonsressursane

- Fiskå skule hadde 2016/17 ein administrasjonsressurs på 1,46 årsverk. Tradisjonell rekning ville gitt ca. 0,75 årsverk. Det er vanleg å gi noko større ressurs i ein tonivå-kommune.
- Myklebust skule hadde 2016/17 ein administrasjonsressurs på 1,51 årsverk. Tradisjonell rekning ville gitt ca. 1,25 årsverk. Det er vanleg å gi noko større ressurs i ein tonivå-kommune.
- Åheim skule hadde 2016/17 ein administrasjonsressurs på 1,45 årsverk. Tradisjonell rekning ville gitt ca. 0,9 årsverk. Det er vanleg å gi noko større ressurs i ein tonivå-kommune.
- Elevtalet blir venteleg lågare dei neste åra. Samla vil ein kunne spare omlag eitt årsverk i strukturen som i dag.

- Figuren under viser effekten av å ha større skular. Tala er henta frå 1-10 skular i små kommunar (med ein skule). Fiskå og Åheim ville liggje over trendlina.
- Viss Vanylven hadde berre éin skule med rundt 300 elevar, ville ein kunne spare minst to administrasjonsårsverk.

Administrative årsverk per 100 elevar




Administrative årsverk per 100 elevar. Tal frå kommunar med éin skule frå Hordaland til Nord-Trøndelag. . Grunnlagsdata GSI 2016/2017.

Særskilt språkopplæring

Talet på elever som får særskilt norskopplæring i Vanylven, aukar.


- Samanlikna med Møre og Romsdal og landet er det middels mange i Vanylven som får slike tilbod.
- Ingen i Vanylven får morsmålsopplæring.

Prosentdel elevar i grunnskulen som får særskilt norskopplæring



Elevar i grunnskulen som får særskilt norskopplæring (%). Kjelde: KOSTRA

Prosentdel elevar i grunnskulen som får morsmålsopplæring



Elevar i grunnskulen som får morsmålsopplæring (%). Kjelde: KOSTRA

Drift av skulelokale

Vanylven har tre grunnskular med eit samla areal på 8 882 m². I dette ligg delvis kroppsøvingsareal. Brutto driftsutgifter for skulelokale var i 2015 på ca. 7 mill. kr, eller om lag kr 800 per m². Om lag kr 200 var avskrivningar. Olivinhallen på 1 856 m² er også bruka av Åheim skule.


- Fiskå skule: 1 671 m²
- Myklebust skule: 4 082 m² (medrekna samfunnshuset)
- Åheim skule: 1 865 m²

Medrekna kroppsøvingsareal har Vanylven om lag 28 m² per elev fordelt slik.

- Fiskå skule: 18 m²
- Myklebust skule: 29 m²
- Åheim skule: 37 m²

Det er dei store areala som gir dei høge kostnadene per elev.

Netto driftsutgifter til skulelokale per elev



Netto driftsutgifter til skulelokale (222), per innbyggjar 6-15 år, konsern. Kjelde: Kostra

Ledig kapasitet i klasseromma


Ved vurdering av kor mange elevar ein skule kan ta, ser ein på ei mengde med ulike rom; garderobe, toalett, arbeidsrom for lærarar, kontor, trafikkareal, osv. Ofte er det undervisningsarealet som er avgjerande. Til vanleg reknar ein 2,5 m² per elev og vaksen i ordinære klasserom og grupperom som ligg inntil. Også spesialrom må reknast.

Med utgangspunkt i klasseromma kan ein få eit bilete av situasjonen.

- I Fiskå skule er det plass til sju klasser med ca. 22 elevar i kvar.
- I Myklebust skule og Åheim skule vil det vere plass til 10 - 12 klasser med ca. 21 på trinnet. Rom til deling av store trinn.

Med ca. 280 elevar er det teoretisk mogleg å få plass til alle elevane i anten Åheim skule eller Myklebust skule.

Kapasitet i klasseromma



Anslått kapasitet i klasseromma (2,5 m² meir elev/vaksen)


Ledig kapasitet i spesialromma

I skular med elevar frå 5. klasse bør ein ha spesialrom. Figurane under viser talet på spesialrom per no, samanlikna med to alternative organiseringar; nemleg

- ein skule for heile kommunen
- skule med 5.-10. trinn og tre oppvekstsenter med barnehage, SFO og skule 1.-4. trinn


Vi ser at det no er 20 spesialrom. Med éin skule i kommunen treng ein 8 spesialrom, og med ein sentralskule og tre oppvekstsenter treng ein 13 spesialrom. (Viss sentralskulen ligg ved eit oppvekstsenter, treng ein 11 spesialrom.)

Spesialrom, ein skule



Talet for spesialrom med ein skule

Spesialrom, oppvekstsenter og sentralskule



Talet for spesialrom for tre oppvekstsenter og ein skule for 4.-10. trinn


Ledig kapasitet i spesialromma

I figuren til høgre er arealbehovet til spesialrom anslått. Det er rekna 60 m² til bibliotek, 300 m² til kroppsøving og elles med 90 m² per rom.

- Med éin skule kan nettoarealet vere ca. 1100 m².
Innsparing ca. 1600 m².
- Med éin sentralskule og tre oppvekstsenter kan nettoarealet vere ca. 1900 m².
Innsparing ca. 800 m². (Viss eit oppvekstsenter ligg saman med sentralskulen, blir innsparinga om lag 1200 m².)

Talet for spesialrom med ein skule

Areal for spesialrom



Nettoareal m2 for spesialrom, tre alternativ.

Samandrag grunnskule

I innleiinga peikte vi på at Vanylven kommune i 2015 bruka ca. 6,7 millionar meir enn normert utgiftsnivå.

- Det er lite å spare på SFO, der foreldra allereie betaler det meste av kostnadene.
- I grunnskulen kan ein raskt spare ca. kr 1 000 000.
 - Felles klasse for 7. og 8. trinn ved Åheim skule kan gi ca. kr 300 000.
 - Redusert administrasjonsressurs ved Fiskå og Åheim skule kan gi ca. kr 700 000.

På sikt kan ei innsparing skje ved anten å samle elevane for 8.-10. trinn og 5.-7. trinn eller eventuelt også 1.-4. trinn.

Innsparinga her vil vere stor om gjennomsnittleg elevtal er under 28 per trinn, men langt mindre om elevtalet er over 30.

Reduserte driftsutgifter til skulebygg og auka skysskostnader vil langt på veg vege likt, dvs. motsvare kvarandre.

	Undervisning	Administrasjon	Sum
Samle 8.-10.	1,4 mill. kr (2 årsverk)	0,8 mill. kr (1 årsverk)	2,2 mill. kr.
Samle 5.-10.	3,5 mill. kr (5 årsverk)	0,8 mill. kr (1 årsverk)	4,3 mill. kr.
Samle 1.-10.	5,9 mill. kr (8,5 årsverk)	1,6 mill. kr (2 årsverk)	7,5 mill. kr

Overslag over forventta innsparing ved sentralisering.

Vurdering av tiltak - grunnskule

Samling av elevane på færre skular gir ei innsparing. Innsparinga skjer i hovudsak ved at ein får større klasser, og at deling i norsk, matematikk og engelsk av klasser med to årstrinn fell bort. I tillegg kan ein spare administrasjonskostnader.

Ulempene ved å samle elevane må ein også vurdere.

- Lengre skuleveg.
 - Samling av ungdomssteget på Myklebust eller Åheim gir 20-30 elevar lengre veg. Om lag halvparten av desse kan no gå til skulen. Samling på Fiskå gir små endringar.
 - Samling av mellomsteget på Myklebust eller Åheim gir 55-65 elevar lengre veg. Om lag halvparten av desse kan no gå til skulen. Samling på Fiskå gir nesten like store endringar.
 - Samling av byrjarsteget gir 60-80 elevar lengre veg. Om lag halvparten av desse kan no gå til skulen. Særleg for dei minste elevane er lang skuleveg ei stor ulempe.
- Bygningsmessige behov.
 - Ingen av skulane har plass til alle elevane. Truleg vil 5.-10. trinn kunne få plass anten i Myklebust skule eller Åheim skule. Flytting til Fiskå vil krevje store investeringar og ei lang planlegging.
- Plasseringa av SFO
 - Den sosiale tilknytninga vert påverka av skulestaden. På 1.-4. trinn har elevane SFO-tilbod. Det vil vere ei stor ulempe for foreldra å måtte reise langt til dette tilbodet. Familiar med barn både i barnehage og SFO, vil ha stor nytte av at tilboda er på same stad.

Ut frå dette synest ikkje ei samling av alle elevane å vere eit realistisk kortsiktig tiltak. Samling i éin skule bør eventuelt skje på Fiskå av omsyn til reiseavstanden for dei minste elevane.

Samling av 5.-10. trinn på Myklebust (eller Åheim) kan gi store innsparingar.

Tiltaksliste - Grunnskule

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Slå saman klasser ved Åheim skule	To og to årstrinn kan danne ei klasse. Det vert gjeve timar til deling i norsk, matematikk og engelsk. Innsparing på 0,4-0,5 årsverk.	300 000
Redusert administrasjonsressurs	Redusere administrasjonsressursen ved Fiskå skule og Åheim skule til om lag 100 %.	800 000
Samle 5.-10. trinn på Myklebust skule	Redusere talet på lærarårsverk med om lag fem. (kr 3 500 000) Redusere bruksarealet på skulane med om lag 1 200 m ² (kr 600 000) Auke i skysskostnadene. (kr 500 000)	3 600 000
	Samla innsparing i grunnskulen	4 700 000

Vaksenopplæring

Organisering av Vanylven vaksenopplæring

Vanylven kommune driv vaksenopplæring basert på introduksjonslova og opplæringslova.

Undervisning: 67,5 undervisningstimar per veke med 3,59 lærarårsverk

Administrasjon: 0,50 årsverk

I mars 2017 var det 32 elevar med gruppestorleik på ca. 6 elevar i gjennomsnitt.

- Grunnskuleopplæring: 6 elevar med 22,5 timar per veke
- Introduksjonsprogram: 14 elevar i to grupper, kvar med 11,75 timar per veke
- Arbeidsinnvandrarar: 12 elevar i to grupper med 7,5 og 3 timar per veke.

Økonomi vaksenopplæringa

- Kommunen får tilskot til opplæringa i introduksjonsordninga etter faste satsar. Grunntilskot på 575 000 og persontilskot slik:

Tilskotsår	Låg sats (3 år)	Høg sats (3 år)
År 1	13 600	31 900
År 2	23 300	60 100
År 3	13 900	41 600

Høg sats gjeld for flyktningar frå Afrika, Asia, Oseania (unntatt Australia og New Zealand), Øst-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika.

- Timebetalinga (45 min) for arbeidsinnvandrara er sett til kr 50. Med 6 elevar i gruppa vil dette gi eit underskot på ca. kr 450 per undervisningstime eller ca. kr 600 per klokke.

Vurdering

Introduksjonsordninga

Med eit gjennomsnitt på ca. kr 42 000 per år og ein timekostnad på ca. kr 1 000, vil grupper på 6 elevar finansiere ca. 252 timar, eller om lag 6,6 timar per veke. Medrekna andre kostnader må gjennomsnittleg gruppestorleik vere 12-15 elevar for å finansiere 10-12 timer i veka.

Gjennomsnittleg gruppestorleik på 12 ville gi ca. kr 420 000 i innsparing eller auka inntekter. Dette kan ein truleg berre få til ved å slå vaksenopplæringa i Vanylven saman med vaksenopplæringa i ein av nabokommunane.

Kurs for arbeidsinnvandrarar

Med 400 timar undervisning i løpet av eitt år kan ein spare ca. kr 240 000 ved å fylle opp gruppene til 15 elevar (løyst i form av samarbeid med nabokommunar).

Tiltaksliste - Vaksenopplæring

Tiltak	Beskriving	Årleg innsparing
Samarbeide med ein nabokommune om introduksjonsprogrammet	Vanylven kommune kan ha felles vaksenopplæring med ein av nabokommunane. Reiseavstanden er om lag ein time. Dette kan gi grupper på 15-20 elevar, og statstilskotet vil dekke utgiftene til undervisning.	420 000
Samarbeide med ein nabokommune om kurs for arbeidsinnvandrarar	Auke gjennomsnittleg gruppestorleik til 15. Dette kan ein truleg berre få til ved å slå vaksenopplæringa i Vanylven saman med vaksenopplæringa i ein nabokommune. Alternativt kan deltakarane betale fullt ut det undervisninga kostar.	240 000
	Samla innsparing i vaksenopplæringa	660 000

Kultur

Kultur - organisering

Kommunen skal saman med fylkeskommunen «syta for økonomiske, organisatoriske, informerende og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt», jf § 4 i kulturlova.

§ 5 seier at kommunen saman med staten og fylkeskommunen skal syte for at kulturlivet har føreseielege utviklingskår, fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggje til rette for deltaking i kulturaktivitetar, og at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.


På kulturfeltet i Vanylven kommune finn vi desse stillingane:

1. Kulturrådgjevar 0,80 årsverk
2. Assistent på kulturfeltet 0,80 årsverk
3. Biblioteket med ca. 1,09 årsverk
4. Kulturskulen med 2,63 årsverk
5. Olivinhallen 1,00 årsverk
6. Kinoen er privat med kommunalt tilskot
7. Kulturhus eigast av lag og organisasjonar

Ressursbruk, kultur (1)

- Vanylven kommune bruker prosentvis mindre av netto driftsutgifter til kultur enn både Tingvoll, gjennomsnittet for Møre og Romsdal, landet og KOSTRA-gruppe 2. Vanylven ligg om lag på nivå med Nesset og over Sande.

Netto driftsutgifter kulturektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter




Netto driftsutgifter for kulturektoren per innbygger i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter, konsern 2012-2015. Kjelde: KOSTRA.

Ressursbruk kultur

- Aktivitetstilbud for barn og unge og musikk- og kulturskular peiker seg ut som eit område der Vanylven brukar ein klart større del av kulturbudsjettet enn K-gruppa og landet.
- På aktivitetstilbud brukar Vanylven 14,7 %, mens K-gruppa og landet brukar høvesvis 6,4 og 9,5 %.
- På musikk- og kulturskular brukar Vanylven 30,8 %, mens K-gruppa og landet brukar høvesvis 21,0 og 12,9 %. I tala ligg òg utgifter til kor og korps i kommunen.

Fordeling av netto driftsutgifter innenfor kultursektoren **2015**




Fordeling av netto driftsutgifter for kultursektoren i Vanylven 2015. Kjelde: KOSTRA.

Fordeling

- Fordelinga over tid til kultur gjev ikkje eit klart bilete. Delen til aktivitetstilbod for barn og unge og til kommunale idrettsbygg og anlegg har auka, medan delen til musikk- og kulturskular og idrett har ein fallande tendens.

Fordeling av netto driftsutgifter innanfor kultursektoren




Fordeling av netto driftsutgifter for kultursektoren i Vanylven over tid. Kjelde: KOSTRA.

Utgifter til bibliotek

Vanylven brukar ein relativt liten del av budsjettet til kultur. Trass i at ein forholdsvis stor del av kulturbudsjettet går til bibliotek, ligg netto driftsutgifter til bibliotek relativt lågt.

Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar




Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar i kroner. Kjelde KOSTRA

Bibliotekbesøk

Eit bibliotek er både ein studiestad, ein møteplass og ein stad å låne bøker og andre media.


- Vanylven har uvanleg låge besøkstal.
- Lågt besøk på biblioteket synest å påverke utlånet.
- Vanylven har låge utlånstal.

Besøk i folkebibliotek per innbyggjar



Besøk i folkebibliotek per innbyggjar. Kjelde: KOSTRA

Utlån alle media frå folkebibliotek per innbyggjar




Utlån alle media frå folkebibliotek per innbyggjar. Kjelde: KOSTRA

Kulturskule - utgifter

- Netto driftsutgifter til kulturskule i Vanylven ligg høgt. Berre Tingvoll blant samanlikningskommunane ligg høgare. Vanylven ligg over KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet.

Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular, per innbyggjar 6-15 år




Netto driftsutgifter til kulturskule, per innbyggjar 6-15 år, konsern.
Kjelde: KOSTRA

Kulturskule - deltaking

- Tilbodet treff interessene til elevane godt. Av 1.052 undervisningstimar i kulturskulen i 2016-17, var 843 i musikk, 57 i visuelle kunstfag og 152 i teater. Det er vanskeleg å skaffe danselærar.
- Prosentdelen elevar av alle barn i alderen 6-15 år er redusert fram til 2015. I 2016 viser GSI-tal auke. Vanylven har hatt forholdsvis fleire elevar enn K-gruppa, Møre og Romsdal og landet, men færre enn Sande og Tingvoll.

Prosentdelen elevar i grunnskulealder i kommunens musikk- og kulturskule,




Prosentvis del av elevane i kulturskule, av alle barn 6-15 år. Kjelde: KOSTRA

Utgifter per elev

- Samstundes med nedgang i elevtal har kostnadene per elev hatt ein stigande tendens. Tidlegare var kostnadene om lag på nivå med samanlikningskommunane. Brutto driftsutgifter har hatt ein uvanleg auke dei siste åra.
- Kulturskulen i Vanylven gir over eige budsjett 57-80 % av eit årsverk til musikalsk leiing av kor og korps. (Dei siste åra har det i tillegg vore ein eigenandel.) Dette kan forklare det høge utgiftsnivået.
- Hovudårsaka til auken er betre kvalifiserte lærarar enn tidlegare.

Brutto driftsutgifter per elev




Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskuler, per brukar. Kjelde: KOSTRA


Utvikling i ulike oppgåver

- Den øvste figuren viser at elevtalet ved kulturskolen har minka. Det har også talet på årsverk til undervisning av desse elevane.
- Talet på administrasjonsårsverk er stabilt (50 %). Talet på årsverk betalt av kulturskolen til kor, korps, SFO og barnehage har òg halde seg oppe.
- Den nedste figuren viser den relative utviklinga dei same åra. Vi ser at lærarinnsatsen for vanleg undervisning i kulturskolen er redusert meir enn elevtalet.

Utvikling i elevtal og ansatte



Relativ utvikling i elevtal og tilsette



Relativ utvikling i elevtal og tilsette med utgangspunkt i 2012/13.
Kjelde GSI


Betaling (1)

- Kommunen avgjør sjølv betalingsssatsane for kulturskulen. Figuren under syner at høgste betalingssats i Vanylven ligg om lag på nivå med referansekommunane.
- Elevane får til vanleg 20 minutt per veke, men kan få inntil 30 minutt. Teatergrupper får 2 t per uke og teiknegrupper 1,5 t.

- **Betaling per halvår i Vanylven kulturskule**

- Elevbetaling instrument, song, teater, dans, teikning er **kr 1.440** per halvår
- Elevbetaling musikkførskule er **kr 1.030** per halvår.
- Moderasjonsordninga for eigenbetaling: 75% betaling for barn nr 2 og 50% for barn nr 3.
- Moderasjonsordninga om eit barn er med på fleire tilbod: 75% betaling for tilbod 2, 50% betaling for tilbod 3.

Høgaste elevsats kulturskule



Høgaste elevsats for kulturskulen. Kjelde: GSI

Betaling (2)

Foreldrebetalinga er den største inntekta for kommunale kulturskular. I Vanylven blir 26 % av eit årsverk finansiert av barnehage og kor/korps.

- Netto driftsutgifter i Vanylven var i 2015 på kr 1 578 000.
- Foreldrebetalinga ligg på omkring 230 000 kr og andre inntekter ca. 115 000 (kor/korps).
- Figuren under syner at Vanylven i liten grad har finansiert sin kulturskule med brukarbetaling. Bare Tingvoll ligg under.

Kommunen kan redusere netto driftsutgifter ved


1. å auke foreldrebetalinga eller å gi kvar elev færre minutt undervisning.

- Redusert undervisningstid vil gi redusert kvalitet i tilbudet.
- Auka foreldrebetaling vil truleg gi færre elevar og dermed redusert omfang av undervisninga, men utslaget er vanskeleg å spå.
- Viss 10 % auke i betalinga gir 10 % færre elevar, blir netto innsparing ca. kr 20 000.

2. å operere med større eigendel på kor og korps

- Grovt rekna er kommunalt bidrag på om lag kr 300 000.
- Større eigendel kan føre til vanskar med økonomien, og medføre anten behov for annan kommunal stønad eller nedlegging.

Inntekter som prosentdel av brutto utgifter




Inntekter i kommunale kulturskular i prosent av korrigerte brutto driftsutgifter. Kjelde: GSI

Kino


Kommunane er ikkje pliktige til å gi eit lokalt kinotilbod. Ein må derfor vurdere kostnadene opp mot dei positive effektane ein har av at spesielt barn og unge slepp å reise ut av kommunen for å gå på kino.

- I Vanylven kommune får Fiskå ungdomshus besøk av bygdekinoen.
- Kommunen støttar kinoen med kr 3 100 + mva. per framsyning, i alt kr 73 000 for 21 framsyningar i 2016.

Netto driftsutgifter til kino per innbyggjar, konsern



Netto driftsutgifter til kino per besøkande




Netto driftsutgifter til kino per innbyggjar - konsern. Kjelde: KOSTRA

Netto driftsutgifter til kino per besøkande - konsern. Kjelde: KOSTRA

Kinobesøk

- Besøkstalet er større enn i K-gruppe 2, Møre og Romsdal, landet og samanlikningskommunane.




Besøk per kinoforestilling. Kjelde: KOSTRA

Museum

Kommunane er ikkje pliktige til å drive museum. Tilskot til museumsdrift er likevel vanleg.

- Både samanlikna med KOSTRA-gruppe 2, Møre og Romsdal og landet brukar Vanylven lite på museum. For samanlikningskommunane er biletet meir samansett.




Netto driftsutgifter til museum per innbyggjar. Kjelde: Kostra

Andre kulturaktivitetar

Utgiftene til andre kulturaktivitetar varierer mykje frå år til år i Vanylven. Med eit gjennomsnitt på om lag kr 200 per innbyggjar har Vanylven om lag same nivå som Møre og Romsdal og landet. Vanylven ligg over Sande, men elles under KOSTRA-gruppe 2, Nesset og Tingvoll.

Netto driftsutgifter til andre kulturaktivitetar per innbyggjar



Netto driftsutgifter til andre kulturaktivitetar, per innbyggjar. Kjelde: KOSTRA

Tiltaksliste - Kultur

Tiltak	Kommentar	Årleg innsparing
Redusert drift i kulturskulen	Auka foreldrebetaling og redusert tilbud med om lag 10 %.	20 000
Større eigendel for kor og korps	Viss kor og korps betaler om lag 50 % av utgiftene til dirigent, vil kulturskulen spare ca. kr 100 000.	100 000
	Samla innsparing i kultur	120 000

Vedlegg

Økonomiske analyser

Vanylven kommune

Innhold

- Hovedfunn: KOSTRA- og effektivitetsanalyse 2015
- Økonomiske rammebetingelser
- Finans og prioritering
- KOSTRA- og effektivitetsanalyse 2015
- Overordnet analyse av utvalgte områder utenfor inntektssystemet
- Demografikostnader 2016-2040
- Framtidig behov for kommunale årsverk
- Ressursbruk på ulike tjenesteområder
 - Netto driftsutgifter på ulike tjenesteområder 2013-2015
 - Dokumentasjon av utgiftsutjevningen

Hovedfunn: KOSTRA- og effektivitetsanalyse 2015

Hovedfunn: KOSTRA og effektivitetsanalyse 2015

- Vi har utarbeidet en KOSTRA- og effektivitetsanalyse som skal illustrere hvordan kommunens ressursbruk på sentrale tjenesteområder harmonerer med kommunens økonomiske rammebetingelser, dvs. vi tar hensyn til både beregnet utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigerede frie inntekter).
- Våre beregninger viser at Vanylven kommune, på de sentrale tjenesteområdene som inngår i inntektssystemet, hadde *merutgifter* i forhold til landsgjennomsnittet på ca. 15 mill. kr i 2015. Da er det ikke hensyntatt verken at kommunen hadde et *høyere beregnet utgiftsbehov* enn «gjennomsnittskommunen» (ca. 21 prosent i 2015), eller at kommunen hadde et *nivå på korrigerede frie inntekter som lå 10 prosent under landsgjennomsnittet (tilsvarende ca. 16,5 mill. kr).*
- **Beregningene viser at Vanylven kommune samlet sett hadde mindreutgifter på om lag 0,5 mill. kr i forhold til kommunens «normerte og inntektsjusterte utgiftsnivå» i 2015.**

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2015 (mill. kr) ift.	
	Landsgjennomsnittet	«Normert og inntektsjustert utgiftsnivå»
Barnehage	-5,9	4,2
Administrasjon	5,7	2,0
Grunnskole	8,0	11,5
Pleie og omsorg	6,6	-23,2
Kommunehelse	2,2	0,7
Barnevern	0,9	2,8
Sosialtjeneste	-2,6	1,5
Sum	14,9	-0,5

Økonomiske rammebetingelser

Økonomiske rammebetingelser

- *Vanylven er en lavinntektskommune*
- Korrigerede frie inntekter (inkl. e-skatt og konsesjonskraftinnt.) på 90 prosent av landsgjennomsnittet
- I KOSTRA er Vanylven plassert i kommunegruppe 2, dvs. små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter*
- Et beregnet utgiftsbehov i inntektssystemet på ca. 21 prosent over landsgjennomsnittet i 2015
 - UB 2015 = 1,2060



De økonomiske rammebetingelsene vil være styrende for det tjenestetilbudet som kommunen kan tilby innbyggerne.

